



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	24.02.2011
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

**Orientering: Beredskap og kriseledelse v/Fylkesmannen, Beredskapsavdelinga
Friluftsrådet v/Ingolf Mork**

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 11/1	Underskrift	
PS 11/2	Godkjenning av protokoll	
PS 11/3	Referatsaker Open post	
PS 11/4	Selskapskontroll i RIR IKS	2011/10
PS 11/5	Midsund Sokn - Investeringar 2011 og i økonomiplanperioden 2011-2014	2011/112
PS 11/6	Skulefritidsordninga - endring av betalingssatsar	2010/473
PS 11/7	Endring av gebyrregulativ for byggesak	2010/469
PS 11/8	Retting - betalingssats leige av instrument frå Midsund Kulturskule 2011	2010/320
PS 11/9	Oppløsing av Bård Iversen legat	2011/47
PS 11/10	Raknes barnehage - søknad om ressursar Lukka møte - Kommunelova § 31 nr. 3	2011/117
PS 11/11	Oppnemning av valstyre og val av leiar og nestleiar. Delegering av mynde.	2010/547
PS 11/12	Plan for kompetanseutvikling for pedagogisk personale i Midsundskulane	2011/39
PS 11/13	Kommunal godkjenning av ny avtale om IA (inkluderande arbeidsliv)	2011/97

PS 11/14	Stig Otto Dyrseth - Kjøp av bustadtomt på 50/179 - ved den kommunale bustaden Eik	2010/558
PS 11/15	Opparbeiding av veg til Selvika II - Midsund	2010/428
PS 11/16	Klagebehandling av eigengodkjenninga - regulering av nytt bustadfelt - Ny - Hamn i Hamna 57/1, Ugelvik. Vedtak i Kommunestyret i K sak 10/61 av 14.10.2010	2009/253
PS 11/17	Avtale mellom Haram Byggservice AS, Harald Hjelle Arkitekter AS og Midsund kommune - vedkomande Midsund bofellesskap.	2010/49
PS 11/18	Ny bestilling av tal på bustadar i Midsund bufellesskap	2010/49
PS 11/19	Godkjenning av Rammeavtale mellom Midsund kommune og RIR Næring AS om material- og avfallshandtering	2011/64
PS 11/20	Rekruttering av ny rådmann	2011/35
PS 11/21	Konstituering av rådmann	2011/35

Midsund, 17.02.2011

Helge Orten
Ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 11/1 Underskrift

PS 11/2 Godkjenning av protokoll

PS 11/3 Referatsaker



Midsund kommune

Arkivsak: 2011/10-6

Arkiv: 026

Saksbeh:

Dato: 17.02.2011

Saksframlegg

Selskapskontroll i RIR IKS

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/4	Kommunestyret	24.02.2011

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Midsund kommunestyre sluttar seg til prosjektet som gjeld selskapskontroll (forvaltningsrevisjon) om sjølvkost og eigarskapskontroll innan renovasjonsområdet for Midsund kommune.

Saksutgreiing:

Sjå vedlegg

Helge Løken
Leiar kontrollutvalet



Midsund kommune
Personalkontoret

Arkivsak: 2011/112-1

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik

Dato: 04.02.2011

Saksframlegg

Midsund Sokn - Investeringar 2011 og i økonomiplanperioden 2011-2014

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/8	Formannskapet	15.02.2011
11/5	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

Midsund kommune innarbeidar i sitt investeringsbudsjett for 2011 på ansvar 1900 Midsund Sokn kr 845 000,- for gjennomføring av føreslåtte tiltak.

Investeringa finansierast med tilsvarende bruk av lån.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

Midsund kommune innarbeidar i sitt investeringsbudsjett for 2011 på ansvar 1900 Midsund Sokn kr 845 000,- for gjennomføring av føreslåtte tiltak.

Investeringa finansierast med tilsvarende bruk av lån.

Saksutgreiing:

Midsund sokn har sendt over sitt framlegg til budsjett for 2011, og ønska investeringsprogram for perioden 2011-2014 til rådmannen medio oktober 2010. Tiltaka ble ikkje gjennomgått og innbakt i framlegg til budsjett i desember 2010 grunna manglande administrativ kapasitet.

Rådmannen gjennomførte møte med soknerådsleiar, teknisk sjef og arbeidsleiar uteseksjonen 27.01.2011, og framlegget som følgjer saka er gjennomarbeidd og støtta frå dei involverte partar.

Tiltak	2011
Grøfting og drenering Otrøy kyrkjegard, felt H,I,J og drenering Søre Midøy kyrkjegard etter nærare plan	485 000
Naudutgong Nord Heggdal kapell	250 000
Otrøy kyrkje - opparbeiding av felt H, trekkerør for parklys og beplantning av hekk mellom felt G og H	110 000

I kalkulasjonane er føreutsett at det ikkje er fjell i områda.

Vurdering:

Midsund kommune har etter lov ansvaret for kyrkebygga og kyrkjegardane i kommunen, og soknet viser til at det er behov for fleire plassar i løpet av planperioden.

Når det gjelder det dyraste tiltaket, grøfting og drenering har dette hastverk, då det er kome melding frå verneombodet for uteavdelinga at arbeid både på gravplassen ved Otrøy kyrkje og Søre Midøy er farefullt, då mengda grunnvatn medfører fare for utrasing under arbeidet med å grave og stemple gravene. Grunnvatnet medfører og behov for utpumping av grunnvatn før sjølve gravferda.

Naudutgong ved Nord Heggdal kapell er naudsynt for tryggleiken. Det er i dag ingen anna utgong enn gjennom hovudinngangen, og ved brann er det ikkje enkelt å ta seg ut gjennom vidauga då desse er sperra med sprinklar som del av den arkitektoniske utforminga i kapellet. Det er planlagt å lage ein liten biinngong frå øversida og inn.

For å ha kapasitet til arbeidet, må ein rekne med innleige av ekstern kapasitet til det meste, men ein vil nytte interne krefter så langt som råd etter avtale mellom soknet og teknisk.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Samla tiltak med kr 845 000,- finansiert med lån medfører auke i kommunen sine finanskostnader slik

Renter på lån (her brukt 4%) av eit lån på kr 845 000,-	34 000,-
Avdrag på lån, maks 50 år	17 000,-
Sum aukei kommunen sine finansieringskostnader	51 000,-

Ann-Heidi Paulsen Orvik
Konst.rådmann

Vedlegg (prenta):

Brev frå verneombod Uteseksjonen datert 28.11.2010

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Midsund Sokn, 6475 Midsund

Verneombodet ved Midsund kommune uteseksjon, Oddbjørn Opstad, 6475 Midsund



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2010/473-4
Arkiv: 231
Saksbeh: Stian Løken
Dato: 18.01.2011

Saksframlegg

Skulefritidsordninga – endring av vedtekter og betalingsattsar

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/14	Formannskapet	15.02.2011
11/6	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

1. K-sak 10/76 vert oppheva
2. Kommunestyret vedtek vedtekter for skulefritidsordninga i Midsund kommune datert januar 2011.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

1. K-sak 10/76 vert oppheva
2. Kommunestyret vedtek vedtekter for skulefritidsordninga i Midsund kommune datert januar 2011.

Saksutgreiing:

I opplæringslova § 13-7 Skulefritidsordninga står det. *Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.*

Under 4. ledd står det at *Når skulefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg være leiar*. 5. ledd slår fast at *Kommunen kan krevke utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra*.

Etter § 7.1 i Midsund kommunes vedtekter for skulefritidsordninga fastset kommunestyret satsane for foreldrebetaling kvart år.

Gjeldande skulefritidsordning er i stor grad ei vidareføring av tidlegare års ordning.

Innføring av gratis leksehjelp i skulen har skuleåret 2010/11 ikkje hatt økonomiske konsekvensar for inntekta til SFO gjennom foreldrebetalinga.

Oversikt over alternativ SFO:

Opningstid SFO 07.30 - 16.30

- A) Før og etter skuletid samt fridag. Pris pr. måned 1892 kr
- B) Før og etter skuletid 4 skuledagar i veka: Pris pr. måned: 1151 kr.
- C) 08.50 – 14.30 på fridag: Pris pr. måned: 493 kr
- D) 07.30 – 08.50 4 dagar pr. veke: Pris pr. måned: 493 kr.
- E) 14.30 – 16.30 4 dagar pr. veke: Pris pr. måned: 658 kr.
- F) 07.30 – 16.30 fridag: Pris pr. måned: 740 kr

Drop-in: 60 kr pr. time.

Skulefritidsordninga har per i dag 25 brukarar med følgjande fordeling mellom alternativa:

- Alt. A) 2
- B) 1
- C) 15
- D) 1
- E) 4
- F) 2

Denne fordelinga tilsvarar med dagens betalingssatsar ca kr 155 000 i inntekt gjennom foreldrebetaling. I tillegg går kan ein berekne ei inntekt gjennom drop-in ordninga på ca kr 30 000 per år. Dette betyr i utgangspunktet at det blir lagt opp til at det ikkje er samsvar mellom foreldrebetalinga og dei faktiske utgiftene knytta til SFO-ordninga, som er budsjettet til 312 000 kr. Estimert underskot er ca kr 120 000- 130 000.

Dersom ein indeksregulerar betalingssatsane med 2,8% og aukar prisen på drop-in frå 50 kr til 60 kr per time aukar ein ei inntektene med ca 10 000, og vidarefører med dette dagens reelle prisnivå.

I kva grad ein ynskjer å tilpasse skulefritidsordninga etter brukarane sine behov ved å ha mange alternativ å vel mellom må vurderast opp i mot kva effekt ein trur ein reduksjon i valmoglegheitene vil ha for bruken av ordninga. Skal ein drive skulefritidsordninga fullt og heilt gjennom sjølvkost må betalingssatsane aukast mykje frå dagens nivå. Samstundes må ordninga då innehalde færre valalternativ. Samanlikna med andre kommunar i regionen ligg Midsund prismessig om lag midt på treet, sjølv om ordninga i seg sjølv ikkje fullt kan samanliknast mellom den enkelte kommune då organiseringa varierar mykje. Midsund er mellom anna ein av få kommunar som fortsatt har ein dag fri kvar veke for alle dei fire første årstrinna. I tillegg er

antal forskjellige valalternativ for brukarane forskjellig frå kommune til kommune.
"Skreddarsydd" tilpassingar er meir kostnadskrevjande enn meir "firkanta" ordningar.

Endring av vedtekter

Føljande paragrafar vert foreslått endra i vedtektene:

- § 2.1, punkt vedrørende Midøy skule utgår samt innarbeiding oppl. § 13-7..
- § 4.1 endrast
- § 4.3 utgår
- § 7.3 endrast frå Midsund sosialkontor til NAV Midsund
- § 9.1 vert endra i samsvar med gjeldande betalingsattsar og prisjustering.
- § 9.2, føljande setning utgår: *Det kjøpte SFO-tilbodet skal vere sjølffinansierande.*
- § 9.6 utgår.
- § 13.2 endrast.
- § 13.3 endrast.
- § 14.4 endrast.
- § 14.5 utgår.
- § 14.6 utgår.

Vurdering:

Rådmannen vurderar at ein for våren 2011 aukar dagens betalingsattsar med 2,8%, samt aukar prisen på drop-in frå 50 kr pr. time til 60 kr pr. time.

Rådmannen finn det hensiktsmessig å forandre vedtektene som foreslått i saka.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Forutsatt tilsvarende bruk av drop-in som berekna med bakgrunn i erfaringstal tilsvavar inntektsauke om lag 10 000 kr pr.år.

Ann Heidi P. Orvik
Konstituert rådmann

Stian Løken
Pedagogisk rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg 1: Vedtekter datert 18. januar 2011.

Vedlegg 2: Gjeldande vedtekter vedteke i kommunestyret 29.03.07

Vedlegg 3: Vedtak gjort K-sak 10/76

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Raknes skule v/rektor
Samarbeidsutvalet for Raknes skule
Foreldreutvalet for Raknes skule

Vedtekter for skulefritidsordninga i Midsund kommune

Vedteke i kommunestyret:

§ 1 Eigarforhold

§ 1.1 Midsund kommune eig og driv skulefritidsordninga i samsvar med dei lover, forskrifter og retningsliner for skulefritidsordningar som Kunnskapsdepartementet til ei kvar tid fastset, samt kommunale vedtak om drift av skulefritidsordningar.

§ 2 Formål

§ 2.1 Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning for elevar i 1. - 4. klassesteg samt elevar på 5. – 7. klassesteg med særskilte behov, j.f. opplæringslova § 13-7.

§ 2.2 Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur - og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna. ¹

§ 2.3 Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn innanfor ei trygg sosial og pedagogisk ramme.

§ 2.4 Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

§ 2.5 Skulefritidsordninga er ein del av den heilskaplege verksemda ved skulane og kjem inn under skulen sin formålsparagraf.

§ 3 Opptak av barn

§ 3.1 Søknad om opptak skjer på fastsett skjema etter forutgåande kunngjering eller utsending til alle føresette.

§ 3.2 Søknadsfrist er 1. april kvart år.

§ 3.3 Rektor ved skulen gjer opptak etter fastsette opptakskriterium.

§ 3.4 Rektor sender ut tilsegnsbrev, og foreldra må skriftleg melde frå om dei tar i mot plassen.

§ 3.5 Opptak gjeld for eit heilt skuleår.

§ 3.6 Klageinstans er formannskapet

§ 4 Opptakskriterier

§ 4.1 Dersom det er fleire søkjarar enn plassar, blir opptaket gjort etter desse kriteria:

1. Barn som etter sakkunnig vurdering har særleg utbytte av SFO
2. Barn med begge foreldra/føresette i arbeid eller utdanning. Søkjarane vert vurdert etter stillingsstorleik og arbeidstid.
3. Yngre barn blir prioritert før eldre barn.
4. I tillegg kan barn over fjerde klassesteg bli tildelt plass etter fagleg vurdering og etter tilråding frå sakkunnig instans, j.f. oppl. § 13-7 1. ledd.
5. Dersom det er ledig plass, kan barn over fjerde klassesteg bli tildelt ordinær plass.

§ 4.2 To plassar bør avsettast til etter hovudopptaket for eventuelle klagesaker.

§ 5 Opptaksperiode

§ 5.1 Hovudopptaket blir gjort om våren.

§ 5.2 Opptak kan skje i løpet av skuleåret.

§ 5.3 Auke i opphaldstid kan skje i løpet av skuleåret etter skriftleg avtale med rektor.

§ 6 Oppseiing

§ 6.1 Det er berre høve til å seie opp ein plass til nyttår. Dette må gjerast skriftleg til rektor innan 1. desember. Dette gjeld og søknad om redusert plass.

§ 6.2 Ved spesielle grunnar kan rektor, etter skriftleg søknad, gjere unntak frå regelen i § 6.1.

§ 7 Foreldrebetaling

§ 7.1 I samband med budsjettvedtak for kvart år, fasteset kommunestyret satsane for foreldrebetaling.

§ 7.2 Det skal betalast for 10 månader i eit skuleår: 4,5 månader før jul og 5,5 månader etter jul. Betalinga skal fordelast på 4 ratar.

§ 7.3 Med utgangspunkt i økonomiske forhold kan ein søkje om redusert betaling/fri plass. Eventuell søknad skal rettast til NAV Midsund.

§ 7.4 Dersom rekning ikkje er betalt innan forfall, kan rektor seie opp plassen til barnet.

§ 8 Leike- og opphaldsareal

§ 8.1 Det bør vere eit leike- og opphaldsareal pr. barn på minimum 3 kvm.

§ 9 Opphaldstid og opningstid

§ 9.1 Skulefritidsordninga gir følgjande tilbod:

Opningstid SFO 07.30 - 16.30

- G) Før og etter skuletid samt fridag. Pris pr. måned 1892 kr
- H) Før og etter skuletid 4 skuledagar i veka: Pris pr. måned: 1151 kr.
- I) 08.50 – 14.30 på fridag: Pris pr. måned: 493 kr
- J) 07.30 – 08.50 4 dagar pr. veke: Pris pr. måned: 493 kr.
- K) 14.30 – 16.30 4 dagar pr. veke: Pris pr. måned: 658 kr.
- L) 07.30 – 16.30 fridag: Pris pr. måned: 740 kr

Drop-in: 60 kr pr. time.

§ 9.2 For at dei kjøpte tilboda skal bli sett i verk, blir det krevd minst 5 påmelde. Vel brukarane å dekke lønnsutgifter sjølv om det er færre enn 5 brukarar, kan kommunen oppretthalde tilbodet.

§ 9.3 Dersom det er ledig plass, kan det kjøpast dagsopphald eller timeopphald (drop-in).

§ 9.4 Skulefritidsordninga følgjer i utgangspunktet skuleruta og held stengt i skulane sine feriar og ved studie- og planleggingsdagar.

§ 9.5 Andre tilbod kan opprettast så langt det lar seg gjere innanfor økonomiske rammer.

§ 10 Bemanning og leiing

§ 10.1 Rektor ved skulen har overordna pedagogisk, administrativt og økonomisk ansvar for SFO.

§ 10.2 Dagleg leiing og drift blir ivaretatt av SFO – personell tilsett etter rettleiande bemanningsnorm.

§ 10.3 SFO – personalet arbeider under rektor si leiing.

§ 10.4 Det bør ikkje være meir enn 15 barn pr. vaksen.

§ 10.5 For barn med særskilde behov kan det tilsetjast ekstra personell etter behov og sakkunnig vurdering.

§ 11 Skyss

§ 11.1 Transport til og frå skulefritidsordninga er foreldra sitt ansvar.

§ 12 Teieplikt

§ 12.1 Tilsette i SFO har teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§ 13 – 13 f

§ 13 Politiattest

§ 13.1 Den som skal tilsetjast i skulefritidsordninga må leggje fram politiattest som ikkje er eldre enn 3 månader.

§ 13.2 Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn.

§ 13.3 Personar som er dømde for seksuelle overgrep kan ikkje bli tilsette i skulefritidsordninga.

§ 14 Samarbeidsutval

§ 14.1 Samarbeidsutvalet ved skulen er også samarbeidsutvalet for SFO.

§ 14.2 Samansetjinga av samarbeidsutvalet må vere slik at foreldre med barn i SFO er sikra minst 1 representant.

§ 14.3 Tilsette i SFO har møte- og talerett i samarbeidsutvalet i saker som vedkjem SFO.

§ 14.4 Saker som er viktige for SFO, skal leggjast fram for samarbeidsutvalet.

§ 15 Foreldreråd

§ 15.1 Foreldrerådet ved skulen er også foreldreråd for SFO. Klassekontaktane er også klassekontaktar for SFO.

§ 15.2 Foreldrerådet skal fremje samarbeid mellom heimen og skulefritidsordninga.

§ 15.3 Foreldrerådet kan be om å få førelagt saker som er viktige for foreldra sitt forhold til skulefritidsordninga.

§ 16 Internkontroll

§ 16.1 SFO blir omfatta av skulen sitt internkontrollsystem.

§ 16.2 Rektor har ansvar for oppdatering, at kontrollrutinane blir fylgde og at personalet er gjort kjent med internkontrollsystemet og sine arbeidsområde.

§ 17 Vedtekter

§ 17.1 Kommunestyret som fastset desse vedtektene har rett til å endre dei til ei kvar tid.

§ 17.2 Forslag til endring av vedtektene skal leggjast fram for formannskapet, foreldreråda og samarbeidsutvala til uttale.

Sist endra: 18. januar 2011



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/469-5
Arkiv:
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 20.01.2011

Saksframlegg

Endring av gebyrregulativ for byggesak

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/12	Formannskapet	15.02.2011
11/7	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

Midsund kommune dekkjer kostnadane med byggesaksgebyr for ideelle lag og organisasjonar i samsvar med definisjonar gitt i saka. Kostnadane vert å innarbeide i budsjett for idretts- og friluftsliv frå 1.1.2012.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

Midsund kommune dekkjer kostnadane med byggesaksgebyr for ideelle lag og organisasjonar i samsvar med definisjonar gitt i saka. Kostnadane vert å innarbeide i budsjett for idretts- og friluftsliv frå 1.1.2012.

Saksutgreiing:

Den 18.11.2010 i utvalsak 10/73 vart det vedteke eit oversendingsforslag der rådmannen vert bedt om å utgreie differensierte satsar for kommunale gebyr for ideelle lag og organisasjonar.

Rådmannen har forstått at det i denne samanheng er snakk om ein reduksjon, evt. fritak, for gebyr for saksbehandling etter kategori ”09. Varige konstruksjonar og anlegg”, kategori 10. ”Dispensasjonssøknader” og kategori 19 ”Tiltak som blir behandla etter søknad PBL §20-2”, i gebyrregulativet for byggesak. Ein har difor vald å avgrense utgreiinga til desse tre punkta i gebyrregulativet for byggesak.

- Varige konstruksjonar og anlegg kan vere veg, parkeringsplass, støyvoll, molo, bru og liknande. Gebyret for byggesøknad er kr. 2074,- for tiltaksklasse 1.
- Dispensasjonssøknader gjeld dispensasjonar frå planar, plan- og bygningslova (t.d. forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag), kommunale vedtekter og anna. Gebyr for dispensasjonssøknader er kr. 4608,- for dispensasjon frå plan og pbl §1-8 (forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag). For mindre dispensasjonar er gebyret kr. 2074,-.
- Tiltak som blir behandla etter søknad PBL § 20-2 er delt inn i fire punkt. For ideelle lag og organisasjonar vil det vere mest aktuelt å søke etter bokstav a og d, mindre tiltak på bebygd eigedom og andre mindre tiltak (bokstav b og c gjeld driftsbygningar i landbruket og mellombelse bygningar). Gebyret for byggesøknad er kr. 1037,-.

I plan- og bygningslova § 33-1, står det at: ”Kommunestyret selv kan gi forskrift om gebyr til kommunen for behandling av søknad om tillatelse, utferdigelse av kart og attester og for andre arbeid som det etter denne lov eller forskrift påhviler kommunen å utføre, herunder behandling av private planforslag. Gebyret skal ikke overstige kommunens nødvendige kostnader på sektoren.”

Det er ikkje vedteke at byggesak skal vere eit sjølvkostområde. Kommunestyret står difor fritt til å vedta gebyr for saksbehandling etter plan- og bygningslova.

Vurdering:

Dersom kommunestyret ønskjer å dekke kostnadane ideelle lag og organisasjonar har med saksbehandling, er det fleire måtar å gjere dette på.

1. Kommunestyret kan vedta ei auke i t.d. ein post i kulturbudsjettet. Tiltakshavar får dekt sine kostnader etter skriftleg søknad.
 - Alternativ 1.1: Kulturavdelinga i Midsund kommune står for saksbehandling og utbetaling.
 - Alternativ 1.2: Tiltakshavar søker om å få dekt gebyr samtidig med byggesøknad. For å gjere arbeidet mindre for tiltakshavar, kan Teknisk sende faktura for saksbehandling direkte til Midsund kommune i staden for til tiltakshavar.
2. Ein kan vedta ei endring i gebyrregulativ for byggesaksbehandling. Her kan ein gje ein prosentvis reduksjon, evt. fritak for gebyr, for dei aktuelle saksområda. Det vert byggesaksbehandlar si oppgåve å vurdere fritak for gebyr etter skriftleg søknad. Ei slik endring i gebyrregulativet vil ikkje få tilbakeverkande kraft.

Kostnaden kan dekkast på ein av følgjande måtar:

- ved å vedta ei generell auke for byggesaksgebyr med t.d. 1 %.
- ved å auke budsjettet til Teknisk med ein sum tilsvarande anslått beløp som vert friteke.
- Alternativt kan kostnaden bli dekt av Teknisk innanfor dagens budsjett.

Dersom kommunestyret ønskjer å innføre ei slik ordning, vil rådmannen tilrå at ein velgjer alternativ 1.2. Dette tiltaket vil i praksis vere eit tilskot til enkelte lag og organisasjonar. Tilskotet vil ikkje vise i regnskapet dersom ein gir fritak for gebyr. Midsund kommune bør ha som mål å vere mest mogleg tydeleg på kva pengane går til, og vise dette konkret gjennom budsjett og rekneskap. Rådmannen vil difor ikkje tilrå alternativ 2, då dette tilskotet i praksis vert skjult som eit inntektstap for Teknisk.

Eit eventuelt fritak for gebyr innanfor dagens budsjett vil og medføre at Teknisk mistar inntekter. Dette kan på sikt føre til ei større auke i gebyra enn det som elles ville ha vore naturleg.

Rådmannen foreslår følgjande regler for å få dekt gebyr:

- Søkargruppa skal bestå av **minimum tre personar**.
- søkargruppa skal arbeide etter **demokratiske prinsipp** og være **open og inkluderande**.
- tiltaket skal vert søkt om støtte til må ha eit **allmennyttig føremål**.
- Gruppa skal ha **friluftslivsaktivitetar** som ein del av si verksemd.
- Gruppa skal ha **lokal tilknytning** og arrangere aktiviteten i lokalmiljøet. Normalt vil kravet til lokal tilknytning være at aktiviteten finn stad **i Midsund kommune**.
- Organisasjonen skal vere basert på **frivillig arbeid**.

Følgjande grupper vil ikkje få støtte:

- grupper som skal drive aktivitet av rein **privat karakter**.
- grupper som har **forretningsdrift** som formål eller tener **kommersielle interesser**.
- grupper som driver reine **innsamlingsaktivitetar**.
- **offentlige organ** eller einingar (f.eks. fylke, kommune eller skule) eller verksemdar som er som er ein del av det offentlege tilbodet.
- **bedrifter** (aksjeselskap, ansvarlege selskap, enkeltpersonsføretak e.a.) eller **stiftelsar**.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

I sak vedk. bygging av tursti i Nord-Heggdal, vart det sendt ut ein faktura pålydande kr. 7284. Sjølve saksbehandlingsgebyret kom på kr. 2017, godkjenning av foretak kr. 784, og søknad om dispensasjon kr. 4483. Dersom ein antek at det vil vere 2-4 liknande saker i Midsund kommune per år, vil dette koste mellom 15.000 og 30.000 kroner.

Rådmannen rår til at kommunestyret sett av 30.000 kroner på ansvar "Idrett- og friluftsliv" i kulturbudsjettet. Etter skriftleg søknad samstundes som ein søker byggjeløyve/dispensasjon, vil byggesaksbehandlar godkjenne søknad og sende faktura for saksbehandling til Midsund kommune.

Ann-Heidi Orvik
Konstituert rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Ingen

Vedlegg (uprenta): Komplet saksmappe

Særutskrift går til: Kultur, Teknisk



Midsund kommune
Personalkontoret

Arkivsak: 2010/320-3

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik

Dato: 04.02.2011

Saksframlegg

Retting - betalingsatts leige av instrument frå Midsund Kulturskule 2011

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/13	Formannskapet	15.02.2011
11/8	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

Leige av instrument frå Midsund Kulturskule endrast til kr 500 per elev per år i 2011.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

Leige av instrument frå Midsund Kulturskule endrast til kr 500 per elev per år i 2011.

Saksutgreiing:

I sak frå rådmannen til behandling i kommunestyret 16.12.2010, var saksframlegget feil på eit punkt. Rådmannen sette i saka leigeprisen for instrument til å vere kr 500 per semester i staden for per år.

Betalingsattsar 2011 skal vere

1 elev per år/semester

kr 2500/1250,-

Rabatt ved deltaking i fleire aktivitetar eller for søsken

25%

Instrumentleige, per år

kr 500,-

Vurdering:

Foreldre og brukarar har tatt kontakt med rådmannen og motset seg slik auke, og feilen vart slik oppdaga. I budsjettframlegget er det ikkje føresett slik auke, og feilen inngår difor kun i saksframlegget. Rådmannen seier seg lei for mistaket, og den ulempe dette har medført for elevar, foreldre og tilsette i Kulturskulen.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Endringa har ingen effektar om prisen vert endra no. Blir vedtaket ståande ser ein at færre vil gjere seg nytte av leigetilbodet gjennom Kulturskulen og heller kjøpe instrument sjølv. For andre igjen kan endringa i leigepris vere det som gjer at dei tek borna ut av tilbodet.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
Konstituert rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Foreldreutvalet ved Midsund kulturskule
Økonomiavdelinga
Øyavis



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2011/47-2
Arkiv: 241
Saksbeh: Anne Oterhals
Dato: 03.02.2011

Saksframlegg

Oppløysing av Bård Iversen legat

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/9	Formannskapet	15.02.2011
11/9	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

Bård Iversen og Hustru Anna, født Junge's legat oppløysast, og legatkapitalen per 31.12.2010 på kr 18.157 overførast Midsund kommune sin foliokonto.

Midsund skule får disponere midlane i tråd med innstilling frå einingsleiar ved skulen.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

Bård Iversen og Hustru Anna, født Junge's legat oppløysast, og legatkapitalen per 31.12.2010 på kr 18.157 overførast Midsund kommune sin foliokonto.

Midsund skule får disponere midlane i tråd med innstilling frå einingsleiar ved skulen.

Saksutgreiing:

Bård Iversens legat vart oppretta i 1918, og gitt Sør Aukra herred til administrasjon. Formålet var støtte til utdanning for ungdom i alderen 16-21 år i herredet. Beløpet var ved opprettinga kr 10.000, og kun årleg rente kunne nyttast til stipend. Ved kommunedelinga fikk Midsund kommune ein del av legatet til disposisjon. Legatet er ikkje registrert hos Stiftelsestilsynet og dei meiner vi kan avvikle det utan deira godkjenning.

Aukra kommune avvikla sitt legat 23.01.1990, og overførte midlane til Julsundet skule, då det var frå denne krinsen Bård Iversen opphavleg kom frå.

Vurdering:

Midsund kommune har ikkje marknadsført eller gjort tildelingar frå legatet sidan 1992, og ein kan ikkje sjå at desse midlane lengre er av vesentleg nytte for lokal ungdom, og avgjerande for deira høve til å ta vidaregåande eller høgskuleutdanning. Desse omsyn er no ivareteke av Statens lånekasse, og formålet med legatet er ikkje lengre til stades. For økonomiavdelinga og kommunen er det likevel knytt arbeid og administrasjon til desse midlane årleg, og det er ønskeleg å få desse kontoane avslutta i kommunerekneskapet.

Midsund skule har kome med forslag til bruk av midlane.

1. Delfinansiering av datautstyr til bruk i musikkfaget.
2. Konkretiseringsmateriell i matematikk.
3. Komplettering av kart på undervisningsrom

Dei føreslåtte tiltak gjer undervisninga meir tilgjengeleg og interessant for elevane, og er i tråd med dei tiltak Aukra kommune og så å ville støtte då dei avslutta legatet hos seg.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Midsund skule får tiltrengt undervisningsmateriell av gåvemidlar, og økonomiavdelinga sparer arbeid til administrasjon av legatet. Pengane gitt i gåve kjem til nytta hos målgruppa, og gjer dei betre rusta til utdanning. Ein kan ikkje sjå negative effektar av tiltaket.

Ann-Heidi P.Orvik
rådmann

Anne Oterhals
Økonomisjef

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Komplett saksmappe

Særutskrift går til:

Kommunerevisjonsdistrikt 3, pb 7734 Spjelkavik, 6022 Ålesund
Stiftelsestilsynet, pb 800, 6805 Førde
Aukra kommune, 6420 Falkhytten



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2010/547-5
Arkiv: 014
Saksbeh: Ann Torill Vaksvik
Dato: 31.01.2011

Saksframlegg

Oppnemning av valstyre og val av leiar og nestleiar. Delegering av mynde.

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/16	Formannskapet	15.02.2011
11/11	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre oppnemner Midsund formannskap som valstyre til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011.

Som leiar og nestleiar i valstyret blir valt:

Leiar: ordførar Helge Orten

Nestleiar: varaordførar Magne Reiten

Midsund kommunestyre delegerer til valstyret å oppnemne medlemar til røystestyra, Jfr vallova § 4-2.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

Midsund kommunestyre oppnemner Midsund formannskap som valstyre til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011.

Som leiar og nestleiar i valstyret blir valt:

Leiar: ordførar Helge Orten

Nestleiar: varaordførar Magne Reiten

Midsund kommunestyre delegerer til valstyret å oppnemne medlemar til røystestyra, Jfr vallova § 4-2.

Saksutgreiing:

Formannskapet er ikkje lenger lovbestemt valstyre i kommunen. Vallova § 4-1 slår fast at det i kvar kommune skal vere eit valstyre som blir valt av kommunestyret. Ein må sjå til at krava til kjønnsrepresentasjon i kommunelova §§36-38 blir oppfylt.

Kommunestyret skal velje leiar og nestleiar for valstyret, jfr kommunelova § 10 nr. 3.

I kap. 3.1.2 i valhandboka står det at kommunestyret kan velje medlemmar, leiar og nestleiar til røystestyra, men at dette kan delegerast til valstyret, jfr. Vallova § 4-2.

Vurdering:

Tidlegare har formannskapet vore valstyre, med ordførar og varaordførar som leiar og nestleiar.

Rådmannen rår til at kommunestyret delegerer til valstyret å oppnemne medlemmar til røystestyra.

Ann Heidi P. Orvik
Konstituert rådmann

Ann Torill Vaksvik
sekretær

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Valstyret



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2011/39-4
Arkiv: 430
Saksbeh: Stian Løken
Dato: 03.02.2011

Saksframlegg

Plan for kompetanseutvikling for pedagogisk personale i Midsundskulane

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/15	Formannskapet	15.02.2011
11/12	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek plan for kompetanseutvikling i Midsundskulane 2011-2014 som vedlagt i saka.
2. Kommunestyret vedtek tiltaksplan for etter- og vidareutdanning for 2011 som vedlagt i saka.
3. Kommunestyret vedtek å starte vidareutdanning for lærarar frå hausten 2011 om det viser seg mogleg å finansiere innanfor ramme eller gjennom ekstraordinære inntekter i løpet av året.
4. Plan for kompetanseutvikling 2011-2014 blir innarbeid i økonomiplan frå 2012.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

1. Kommunestyret vedtek plan for kompetanseutvikling i Midsundskulane 2011-2014 som vedlagt i saka.
2. Kommunestyret vedtek tiltaksplan for etter- og vidareutdanning for 2011 som vedlagt i saka.
3. Kommunestyret vedtek å starte vidareutdanning for lærarar frå hausten 2011 om det viser seg mogleg å finansiere innanfor ramme eller gjennom ekstraordinære inntekter i løpet av året.
4. Plan for kompetanseutvikling 2011-2014 blir innarbeid i økonomiplan frå 2012.

Saksutgreiing:

Lærarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse er ei viktig forutsetjing for elevs læring. Dei siste åra har det i større grad enn tidlegare vorte retta fokus på behov for lærarar med fagleg fordjuping i faga dei underviser i. Eksempel på dette er endring av krav for tilsetjing i undervisningsstilling på ungdomstrinnet der ein ved tilsetjing for undervisning i faga norsk, matematikk eller engelsk må ha minimum 60 studiepoeng (1 årseining) relevant utdanning for tilsetjingsfaget (jfr forskrift til oppl.lov § 14-2 og rundskriv udir-4/08). Krav om tilleggsutdanning i einskilde fag for barnetrinnet er og ute på høyring. Sjølv om endringar i kompetanseforskrifta ikkje har tilbakeverkande kraft er det eit tydeleg signal på auka fokus mot fagspesifikk kompetanse hos den enkelte lærar. Kompetansebygging for lærarar er ein kontinuerlig prosess som må sjåast i samanheng med at krav til kunnskap endrar seg over tid.

Skuleeigar har etter opplæringslova § 10-8 ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse og for å ha eit system som gir moglegheit for nødvendig kompetanseutvikling. Den statlige strategien for vidareutdanning av lærarar – kompetanse for kvalitet (vedlegg 2), er ei satsing for vidareutdanning av pedagogisk peronslae i grunnopplæringa. Vidareutdanning er relativt ressurskrevjande. Det er difor viktig at vidareutdanning ikkje tek fokus bort frå etterutdanning og andre kompetansebyggande tiltak, men blir sett i samanheng med desse.

Systemet for vidareutdanning av lærarar – kompetanse for kvalitet har for perioden 2009- 2012 hatt satsingsområda norsk, matematikk og engelsk, samt leseopplæring, praktisk-estetiske fag og rådgjeving. Det kan i tillegg søkast om fag ut i frå lokale behov. Systemet tek utgangspunkt i ei fordeling av kostnadar mellom stat, den kommune og den enkelte lærar. Eit fullt årsstudium (60 st.p.) er berekna å koste 500 000 kr. Staten dekker då 200 000 kr, kommunen 200 000 kr og lærar sjølv 100 000 kr (40-40-20). Kostnadane er knytta til vikarutgifter med bakgrunn i den enkeltes rett til frigjerung frå ordinære oppgåver ved vidareutdanning. Eksempelvis vil ein lærar ansatt i full stilling ved vidareutdanning deltid (30 st.p. pr. år) arbeide 60%, der dei 10% over halv stilling er lærars eigenandel av studiet.

Etterutdanning er og eit viktig satsingsområde. Dette er kompetanseutviklingstiltak av mindre omfang som ikkje gir studiepoeng. God etterutdanning er viktig for å vidareutvikle kompetanse og halde seg fagleg oppdatert.

Fylkesmannen ved oppvekst og utdanningsavdelinga tildeler midlar for etter- og vidareutdanning. I utgangspunktet er det krav om at skuleeigar har ei strategisk plan (3 år) og ein handlingsplan (1 år) som viser satsingsområde for skuleeigar det neste året. Plana skal være politisk forankra og skilje mellom etterutdanningstiltak og vidareutdanningstiltak. Midsund kommune har sidan den nye vidareutdanningsordninga vart innført i 2009 ikkje hatt ei slik plan.

Det er utarbeida forslag til plan (vedlegg 1) i samarbeid mellom pedagogisk rådgjevar, rektor ved Midsund skule, rektor ved Raknes skule og hovudtillitsvald i utdanningsforbundet Midsund.

For Raknes skule er det behov for vidareutdanning og kompetanseheving i engelsk, då det per i dag ikkje er nokon ved skulen som har fordjuping i faget. I tillegg fokuserar ein mellom anna på etterutdanning innan tidleg innsats, oppfølging av språklege minoritetar og arbeid mot mobbing.

Ved Midsund skule er det meldt behov dei komande åra innan fleire fag, men på kort sikt særskilt for faga naturfag, rådgjeving, matematikk, engelsk, spesialpedagogikk og grunnleggjande norsk for språklege minoritetar. Ved nyttilsetjingar kan behova endre seg.

Søknadsfrist til den statlege ordninga, kompetanse for kvalitet (40-40-20) er 15. mars for lærarar og 15. april for skuleeigar

Vurdering:

Midsund kommune har dei neste åra ein del lærarar som når pensjonsalder. Dette er til dels lærarar med fagspesifikk kompetanse. Erfaringsmessig er det enkelte fagområde som er vanskelige å rekruttere til gjennom nytilsetjingar enn andre, eksempelvis realfag og musikk. Det er gjort vurderingar ved den enkelte skule kva fagområde utfordringa vil verte størst både på kort sikt og i eit lengre tidsperspektiv. Det er behova til skuleeigar og den enkelte skule som skal vere førande for kva ein vel å prioritere av vidareutdanningstiltak. Samstundes er det viktig å følgje opp dei som ynskjer og ser verdien av å vidareutvikle eigen fagkompetanse.

For skuleeigar vil det være viktig å planlegge langsiktig for å sikre at grunnskulen i Midsund kommune til kvar tid har den kompetansen som er nødvendig for å ivareta og vidareutvikle kvaliteten på grunnskuleopplæringa i kommunen.

Rådmannen vurderar at det vil være viktig å starte eit systematisk arbeid for å ha tilstrekkeleg fagkompetanse i grunnskulen i kommunen gjennom etter- og vidareutdanning av lærarar i kommunen, medan noko av behova må sjåast i samanheng med framtidige nyrekrutteringar.

Rådmannen tilrår at startar deltidsvidareutdanning av det pedagogiske personalet frå hausten 2011, men at det arbeidsgjevar prioriterar fag etter det fagområdet skulane har mest behov for auka kompetanse innan.

Rådmannen tilrår vidare at endeleg vurdering av kva fag som skal prioriterast vurderast av pedagogisk rådgjevar i samarbeid med rektorane.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Vidareutdanning

Kostnadsberekna til 500 000 kr pr. år i fullt studium (60 st.p.).

Finansiering er då:

Statleg tilskot:	200 000 kr
Skuleeigars andel:	200 000 kr
Eigenandel lærar:	100 000 kr

Kostnadsoverslag vidareutdanning deltid med oppstart haust 2011 (1 lærar):

Skuleeigars andel pr. lærar i deltidsutdanning:

2011:	50 000 kr
2012:	100 000 kr
2013:	50 000 kr
<u>Totalt:</u>	<u>200 000 kr</u>

Etterutdanningstiltak

Dekkast innanfor rammene til skulane og etterutdanningsmidlar frå fylkesmannen.

Ann Heidi P. Orvik
Konstituert rådmann

Stian Løken
Pedagogisk rådgjevar

Vedlegg (prenta):

- Plan for kompetanseutvikling 2011-2014
- Tiltaksplan 2011
- Kompetanse for kvalitet

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Midsund skule
Raknes skule
Pedagogisk rådgjevar
Utdanningsforbundet
Fagforbundet
Delta



Midsund kommune
Personalkontoret

Arkivsak: 2011/97-1

Arkiv:

Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen
Orvik

Dato: 03.02.2011

Saksframlegg

Kommunal godkjenning av ny avtale om IA (inkluderande arbeidsliv)

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/3	Administrasjonsutvalet	15.02.2011
11/13	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

Midsund kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for eit meir inkluderande arbeidsliv av 24.02.2010 for peioden 01.03.2010-31.12.2013.

I Midsund vil Arbeidsmiljøutvalet vere lokal samarbeidsarena for partane for å nå måla i avtalen.

Samrøystes tilråding i Administrasjonsutvalet - 15.02.2011

Midsund kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for eit meir inkluderande arbeidsliv av 24.02.2010 for peioden 01.03.2010-31.12.2013.

I Midsund vil Arbeidsmiljøutvalet vere lokal samarbeidsarena for partane for å nå måla i avtalen.

Saksutgreiing:

IA-avtalen skildrar kva organisasjonane i arbeidslivet og styresmaktane ønskjer og aktar å oppnå gjennom samarbeid og aktiv verkemiddelbruk. Den første avtalen blei inngått for perioden 2002-2009, samarbeidsavtale 2 for perioden 2006-2009.

Samarbeidsavtal 3 med protokoll om felles innsats for å førebyggje og redusere sjukefråværet og styrkja inkludering er godkjent av partane i arbeidslivet representert ved regjeringa, dei sentrale arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane 24.2.2010 for perioden 2010-2013.

Målet for inne verande periode er "å førebyggje og redusere sjukefråværet, styrkje jobbnærværet, betre arbeidsmiljøet og hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet". I tillegg har avtalen 3 operative delmål, med nasjonale måltal og den einskilde verksemd som tilsluttar seg IA-avtalen må utarbeide eigne mål på grunnlag av desse.

Dei tre delmåla føreset at partane lokalt samarbeidar målretta for å oppnå ein meir inkluderande arbeidsplass, og har eit systematisk førebyggjande HMS-arbeid der IA-arbeidet er inkludert.

Verksemda skal på grunnlag av dei tre delmåla i IA-avtalen fastsetje eigne mål tilpassa verksemda sin eigne utfordringar. Desse skal utformast i løpet av 12 veker av partane lokalt i samarbeid etter inngåing av samarbeidsavtalen.

Vurdering:

Ei forplikting til samarbeidsavtalen vil krevje at partane lokalt i form av kommunestyret/ arbeidsgjevar tillitsvalde, verneombod, og andre tilsette såman dannar ein forpliktande samarbeidsarena, fastsetje eigne IA-mål og integrere desse som innslag i arbeidsmiljø- og HMS-arbeidet i verksemda.

Delmål 1; sjukefråværet. Etablere mål for sjukefråværsarbeidet og setje resultatmål for sjukefråværsutviklinga. Etablere etterprøvbare aktivitetismål

Delmål 2; personår med redusert funksjonsevne. Setje aktivitetismål for oppfølgings- og tilretteleggingsarbeidet ovanfor eigne arbeidstakarar med redusert arbeidsevne for å førebygge overgang frå aktiv til passiv yting. Setje aktivitetismål for korleis verksemda skal opne for personår som NAV har avklart, og som har behov for å prøve arbeids- og funksjonsevna si i det ordinære arbeidet.

Delmål 3; Avgangsalder. Ha eit livsfaseperspektiv som skal inngå som ein del av personalpolitikken og i det systematiske forebyggingsarbeidet. Setje aktivitetismål for korleis verksemda kan stimulere eldre arbeidstakarar til å forlengje yrkeskarriera.

Inngåinga av samarbeidsavtalen vil medføre nye rettar og pliktår for arbeidsgjevar, tillitsvalde og verneombod, for dei andre tilsette og NAV. Dei nye pliktande er ikkje meir krevjande eller tyngjande enn dei som allereie følgjer av arbeidsmiljølova, men ein meir definert måte å arbeide med sakene på, med flire verkty og gode samarbeidspartar enn om ein står utanfor IA-avtalen.

Avtaleperioden vil vere like lag som den sentrale avtalen, så sant ingen av partane lokalt seier den opp før. Det er nærare formkrav til opphør og behandling før slikt vedtak kan fattast. Avtalen med retteleiar følgjer i fulltekst til saka.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Midsund kommune har arbeid med å utdanne rådmannen, alle stabs- og einingsleiarar, hovudverneombod såman med våre representantar i bedriftshelsetenesta Hjelp 24 Molde og Nav Arbeidslivssenter i prosessleiarutdanninga "Langtidsfrisk" for å auke fokus på arbeidsnærver og friskheitsfaktorar i organisasjonen.

Vidare har vi skolert alle med arbeidsgjevarrolle, hovudverneombod, verneomboda, hovudtillitsvalde, NAV Midsund og NAV Arbeidslivsenter i jussen og praktisk konsekvens av lovgivinga på området samt konsekvensane av ny IA-avtale for oss.

Alle desse tiltaka er gjennomført med støtte frå bla KS, og redusert eigendel for kommunen. Vo står difor rusta til å ta fatt på dette arbeidet med dei rette og felles kompetanse, tilgang til felles verktysskriv og gjennom ein utvikla prosess- og rolleforståing i arbeidet. Suksessfaktorane ligg her lokalt, men må forvaltast og takast i bruk for å ha effekt.

Rådmannen rår til at Midsund kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen. I staden for å opprette fleire arena for dette arbeidsmiljø- og HMS, stadfestar ein at Amu er den rette arena for utviklinga av alt helse- og trivselsarbeid. AMU forpliktar seg då til at på 2 av møta i året, er dette hovudtema og der AMU forsterkast med representantar frå NAV Arbeidslivssenter slik samarbeidsavtalen krev.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
Konstituert rådmann

Vedlegg (prenta):

Rettleiing til samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv

Særutskrift går til:

NAV Arbeidslivssenter, 6475 Midsund
Hjelp 24 Molde
Arbeidstakarorganisasjonane i Midsund
Hovudverneombodet i Midsund



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/558-2
Arkiv: 50/179
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 24.01.2011

Saksframlegg

Stig Otto Dyrseth - Kjøp av bustadtomt på 50/179 - ved den kommunale bustaden Eik

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/18	Formannskapet	15.02.2011
11/14	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

Midsund kommune skal ikkje selje bustadtomt 50/179 i Midsund sentrum.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2011

Saka meldast opp til kommunestyret.

Det vart fremma følgjande fellesforslag:

”Midsund kommune legg bustadtomt på gnr./bnr. 50/179 i Midsund sentrum ut for sal.

Tomta blir seldt til høgskydande.

Salsvilkåra er som andre kommunale boligtomter.”

Votering:

Fellesforslag fremma i møtet vart samrøystes vedteke.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

Midsund kommune legg bustadtomt på gnr./bnr. 50/179 i Midsund sentrum ut for sal.

Tomta blir seldt til høgskydande.

Salsvilkåra er som andre kommunale boligtomter.

Saksutgreiing:

Den 21.12.10 fekk Midsund kommune søknad frå Stig Otto Dyrseth om kjøp av den kommunale bustadtomta 50/179, vest for Eik.

50/179 er i reguleringsplana ei bustadtomt på 1288 m² med innkjøring frå vest.

Vurdering:

Dette er den einaste bustadtomt Midsund kommune eig innafor eksisterande sentrumsområde. Dette er ei tomt som bør liggje på vent til Midsund kommune treng bustadtomta sjølv. Dersom Midsund kommune likevel skal selje tomte bør den annonserast for sal og ikkje sal til første søkjar.

Konklusjon

Rådmannen vil fråråde å selje nemnde tomte.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen før den er selt.

Ann Heidi P Orvik
Konstituert rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Søknad.
Kart over området, med reguleringsplan.

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Stig Otto Dyrseth, teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/428-2
Arkiv: 50/18
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 05.02.2011

Saksframlegg

Opparbeiding av veg til byggjetrinn II i Selvikabustadfelt - Midsund

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/11	Formannskapet	15.02.2011
11/15	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune byggjer ut byggjetrinn II i Selvika til ein kostnad på kr. 1.260.000 og med ein kalkulert vegrefusjon på kr. 140.000. Vegrefusjonen skal endeleg utreknast når opparbeidinga er utført.
2. Kostnaden på ansvar 4700 kr. 1.260.000 finansierast med auka låneopptak.
3. Formannskapet får mynde til å godkjenne avtalar som ein treng for gjennomføringa.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2011

Frits Inge Godø (V) fremma følgjande forslag til tillegg pkt. 1:

”.....vegrefusjon på kr 140 000 pr. tomt.”.....

Tilrådinga med forslag til tillegg fremma i møtet, samrøystes vedteke.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

1. Midsund kommune byggjer ut byggjetrinn II i Selvika til ein kostnad på kr. 1.260.000 og med ein kalkulert vegrefusjon på kr. 140.000 pr. tomt. Vegrefusjonen skal endeleg utreknast når opparbeidinga er utført.
2. Kostnaden på ansvar 4700 kr. 1.260.000 finansierast med auka låneopptak.
3. Formannskapet får mynde til å godkjenne avtalar som ein treng for gjennomføringa.

Saksutgreiing:

Selvika bustadfelt blei berre delvis utbygd (byggjetrinn I) i 2005/2006 (sjå vedlagt kart).

Området for byggjetrinn II har totalt 9 tomter med to grunneigarar

Oddmar Raknes 50/18 eig tomt 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, samt veggrunn.

Midsund kommune eig 50/220 og 50/222 i Selvika. Innafor Byggjetrinn II vil det seie tomt 8 og 9, samt vegareal mot aust.

Nokre av tomtene er det både Oddmar Raknes og Midsund kommune som eig.

Midsund kommune er no i ferd med å få eigedomsgrense i samsvar med reguleringsplan.

Dette inneber både makebytte og kjøp/sal av areal mellom Oddmar Raknes og Midsund kommune. Del av eksisterande veggrunnen er veg til Oddmar Raknes og tidlegare veg til Margido Ovesen.

Utbygging byggjetrinn II

Utbygging av Selvika II blei aktualisert på hausten 2010, då var det kjøpar på tomt 2.

Oddmar Raknes 50/18 har i brev av 20.09.10 til Midsund kommune stadfesta at han kan ta "kostnadane" med veg GS 1 (gang og sykkelveg) for at tomt 2 får avkjøringsløyve til denne vegen, dersom ikkje Midsund kommune byggjer ut vegen.

Det som er viktig no er å få heile bustadfeltet opparbeid slik at aktuelle tomtekjøparar kan byggje der dei ønskjer innafor Selvika bustadfelt.

Rådmannen har hatt drøfting med formannskapet om det vidare arbeidet med å ferdigstille Selvika II, og blitt beden om å leggje fram ei sak med konsekvensane av utbygginga.

Byggjetrinn II består i kjøp av grunn til veg og grensejusteringar på areal på tomtene for å få areala til å stemme med reguleringsplana. Samt bygging av veg, vatn og avløp i samsvar med reguleringsplana for Midsund sentrum.

Vurdering:

Byggjeaktiviteten i Selvika har auka det siste året, og i februar har Midsund kommune hatt fleire potensielle kjøparar til tomt 8 og 9.

Skal ein ha ei ryddig utbygging og drifting seinare bør det vere heilt privat utbygging eller heilt kommunal utbygging. Sidan Midsund kommune har bygd ut byggjetrinn I bør også Midsund kommune stå som utbyggjar på byggjetrinn II.

Innafor Selvika byggjetrinn II er det 9 tomter, 2 tomter har eksisterande bustadar (tomt 3 og 6, Oddmar Raknes). På tomt 4 står det i dag løa til Oddmar Raknes, denne tomta skal ikkje betale vegrefusjon før utbygging i samsvar med reguleringsplan.

Tomt 2 har kjøpar og tomt 8 og 9 har interessentar. Då kan ein summere med at 4 - 5 av 9 tomter er utbygd/ skal byggjast ut straks, og Midsund kommune får inn vegrefusjon i år/neste år for 4 - 5 tomter.

Totalt i Selvika har Midsund kommune ca 6 ledige bustadtomter av totalt 15 tomter og 7 rekkjehustomter av totalt 10 tomter.

Kostnadar av utbygging av byggjetrinn II

Midsund kommune tek over veggrunn samt eksisterande veg frå Oddmar Raknes og byggjer ut ny veg i samsvar med reguleringsplan. Avtalt med Oddmar Raknes.

Tomtene til Oddmar Raknes må då betale vegrefusjon til Midsund kommune.

Kostnaden med å byggje ut veg ca. 340 m i samsvar med reguleringsplan og vegstandard som i byggjetrinn I er kalkulert til kr. 1.260.000.

Fordele ein dette på 9 tomter blir refusjon pr tomt på kr. 140.000.

I dag har Midsund kommune 3 bustadfelt med vegrefusjon pr. tomt:

Søre Midøy/ Gangstad:	kr. 48.500
Selvika byggjetrinn I	kr. 65.000
Røberg	kr. 125.193

Vegkostnad og tal på tomter å fordele kostnaden på gjev vegrefusjonspris.

Konklusjon

Rådmann foreslår å fullføre Selvika bustadfelt med byggjetrinn II ansvar 4700 til ein kostnad på kr. 1.260.000 som skal finansierast med auka låneopptak.

Kalkulert vegrefusjon pr. tomt blir kr. 140.000 som skal innbetalast som eit akonto beløp. Etter at utbygginga er ferdig blir eksakt vegrefusjon utrekna og fakturert.

Kostnadane med utbygging av vatn og avløp blir dekt innafor godkjente rammer for investeringar 2011. Det er tomt 4, 5 og 7 som ikkje har tilrettelagt for VA.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Legg til grunn at Midsund kommune får inn 4 av 9 vegrefusjonar i 2011.

Avdrag på lån for anleggsmiddel med 40 års levetid og avskrivning på ansvar kommunal veg aukast tilsvarande auke i avdrag, avskrivning første året kr. 17.500.

Rentekostnadar – resterande kostnadar 5/9 av totalkostnadane i 5 år (får inn 1 vegrefusjon pr. år) med td. 4% rente er lagt inn i vegrefusjonsbeløpet. Rentekostnadar første året kr. 28.000.

Må innarbeidast i finanskostnadane for 2012.

Ann-Heidi Orvik
Konstituert rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Kart over området

Vedlegg (uprenta):Mappe

Særutskrift går til:teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/253-30
Arkiv: L12
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 06.02.2011

Saksframlegg

Klagebehandling av eigengodkjenninga - regulering av nytt bustadfelt - Ny - Hamn i Hamna 57/1, Ugelvik. Vedtak i Kommunestyret i K sak 10/61 av 14.10.2010

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/3	Planutvalet	15.02.2011
11/16	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tar ikkje klagen frå Bjørn Ugelvik mf. til følge jfr. plan –og bygningslova § 12.12.
Kommunestyret kan ikkje sjå at klaga gjeld reguleringsplana for Ny- Hamn.
Klaga gjeld trafikktilhøve på Magerøyvegen som ligg utanfor reguleringsplanområdet.
2. Kommunestyret oppfatar ikkje brevet frå 13 oppsitterne i Ugelvik som klage, men korrigerer av klaga frå Bjørn Ugelvik mf.
3. Kommunestyret sender klagebehandlinga til Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjørsle.

Samrøystes tilråding i Planutvalet - 15.02.2011

1. Kommunestyret tar ikkje klagen frå Bjørn Ugelvik mf. til følge jfr. plan –og bygningslova § 12.12.
Kommunestyret kan ikkje sjå at klaga gjeld reguleringsplana for Ny- Hamn.
Klaga gjeld trafikktilhøve på Magerøyvegen som ligg utanfor reguleringsplanområdet.

2. Kommunestyret oppfatar ikkje brevet frå 13 oppsitterne i Ugelvik som klage, men korrigerer av klaga frå Bjørn Ugelvik mf.
3. Kommunestyret sender klagebehandlninga til Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.

Saksutgreiing:

Kommunestyret i K sak 10/61 av 14.10.2010 eigengodkjente reguleringsplana for "Ny-Hamn" i Ugelvik.

Kunngjering om vedtaket blei offentleggjort rundt den 20.10.2010. Klagefristen er 3 veker frå kunngjeringsdato.

Det kom inn ei klage frå Bjørn Ugelvik på vegne av oppsitterne i Ugelvika datert 09.11.2010.

- *Klaga går ut på bredda og fartsgrense på vegen til Magerøya som også er tilkomstveg til Ny-Hamn bustadfelt.*

Etter den tid kom det inn brev frå 13 oppsitterne i Ugelvik datert inn til Midsund kommune den 12.01.2010.

- *I brevet signaliserer dei at dei ikkje ønskjer å stoppe/ seinke utbygginga av Ny – Hamn. Men dei støtter klagen på trafikkfarlege forhold (trafikksikring) på Magerøyvegen mellom Fjøsbakken og Hamna.*

Vurdering:

Brevet frå Bjørn Ugelvik på vegne av oppsitterne i Ugelvika datert 09.11.2010 kom inn i klagefristperioden.

Brev frå 13 oppsitterne i Ugelvik datert inn til Midsund kommune den 14.01.2010, kom inn etter klagefristen.

Rådmannen meiner at Midsund kommune bør behandle begge klagene/breva sjølv om det siste kom inn etter klagefristen, sidan det omhandlar same sake og skrevet av "same" oppsittarane. Rådmannen vel å behandle begge klagene i same klagesak.

Klage.

Frå Bjørn Ugelvik på vegne av oppsitterne i Ugelvika datert 09.11.2010

- Klaga går ut på bredda og fartsgrense på vegen til Magerøya som også er tilkomstveg til Ny-Hamn bustadfelt*

Rådmannen sin verdering:

Klagen er komme inn til rett tid.

Ei reguleringsplan som blir eigengodkjent har ei ytre avgrensing som er reguleringsgrense, det er det området Midsund kommune ønskjer å regulere og blir lagt ut til ettersyn, slik at alle kan komme med merknadar. Skal ei klage bli behandla som klage må den gjelde forhold innafor reguleringsplanområdet.

Klage frå Bjørn Ugelvik på vegne av oppsitterne i Ugelvika omhandlar klage på trafikktilhøve utanfor planområdet, derfor kan ikkje klaga tas til følge, jfr. PBL § 12-12.

Klaga/brev.

Frå 13 oppsitterne i Ugelvik datert inn til Midsund kommune den 14.01.2010.

- *I brevet signaliserer dei at dei ikkje ønskjer å stoppe/ seinke utbygginga av Ny – Hamn. Men dei støtter klagen på trafikkfarlege forhold (trafikk sikring) på Magerøyvegen mellom Fjøsbakken og Hamna*

Rådmannen si vurdering

Brevet korrigerer klaga frå Bjørn Ugelvik på vegne av oppsitterne i Ugelvika og oppfattast ikkje som klage.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Rådmannen vil gripe fatt i trafikktilhøva på Magerøyvegen mellom Fjøsbakken og Hamna og fremje ei sak for formannskapet før ferien i år.

Kostnad med utarbeiding av skiltplan og effektivering av skiltplana

Ann-Heidi Orvik
Konstituert rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta):

Bjørn Ugelvik på vegne av oppsitterne i Ugelvika datert 09.11.2010.

Brev frå 13 oppsitterne i Ugelvik datert inn til Midsund kommune
Den 14.01.2010.

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Bjørn Ugelvik mf, 13 oppsitterne i Ugelvik, teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/49-7
Arkiv: 250
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 27.01.2011

Saksframlegg

Avtale mellom Haram Byggservice AS, Harald Hjelle Arkitekter AS og Midsund kommune - vedkomande Midsund bofellesskap.

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/5	Formannskapet	03.02.2011
11/17	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

Midsund kommune godkjenner "Avtale av 26.01.11" mellom Haram Byggservice AS, Harald Hjelle Arkitekter AS og Midsund kommune.

Behandling i Formannskapet – 03.02.2011

Saka leggest fram for kommunestyret for endeleg avgjer.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 03.02.2011

Midsund kommune godkjenner "Avtale av 26.01.11" mellom Haram Byggservice AS, Harald Hjelle Arkitekter AS og Midsund kommune.

Saksutgreiing:

Viser til K- sak 10/90 av 16.12.2010.

Vedtak i Kommunestyret - 16.12.2010

1. *Midsund kommunestyre tek vedlagte dokument til vitande.*
2. *Midsund kommune engasjerer arkitekt for å utarbeide teikningar og eit konkurransegrunnlag før utsending av anbuds konkurranse.*

I romjula tok Haram Byggservice AS v/ Per Endre Bolseth kontakt med Midsund kommune v/ rådmannen pr. telefon om alle dører ved nemnde prosjekt var lukka. Rådmannen signaliserte at dette måtte takast igjen på nyåret.

Saka om ein skulle ta opp drøftingane med Haram Byggservice AS blei drøfta i formannskapet den 03.01.2011. Teknisk ved underteikna fikk klarsignal om å gå inn i drøftingar for å finne fram til ein sluttavtale med basis i Midsund kommune sitt tilbod av 01.12.10 til Haram Byggservice AS.

Fleire drøftingar vart halde og avslutta med eit møte i Molde den 26.01.11, Jfr. "Avtale av 26.01.11".

På dette møtet deltok: Haram Byggservice AS v/ Per Endre Bolseth, Harald Hjelle Arkitekter AS v/ Harald Hjelle, Hammerø & Storvik Prosjekt AS v/ Arnold Askeland, Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA v/ Reidar Andresen og Midsund kommune v/ Inge Rakvåg.

Vurdering:

Avtale av 26.01.2011 er i 8 punkt med 2 vedlegg der dei tre involverte partane har underskreve.

Avtalen inneber:

- Midsund kommune betalar kr. 375.000 til Haram Byggservice AS som fullt og endeleg oppgjør i saka for rettigheter til prosjektet- og arkitektteikningar.
- Alle tidlegare avtalar/stridigheter mellom dei tre partane er avslutta og oppgjort.
- Midsund kommune og Harald Hjelle Arkitektur AS har inngått ny avtale på kr. 165.000 om slutføring av prosjektet (arkitekturarbeid som ikkje er utført men nødvendig å få utført for å komme vidare i prosjektet) jfr. vedlegg 1.
- Etter evt. godkjenning politisk kan Midsund kommune komme raskt i gang med prosjektet igjen.

Konklusjon

Rådmannen foreslår at avtalen vert godkjent.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Prosjektet er avklart og ein kan komme vidare. Økonomiske konsekvensar ut over avtalen må komme i eiga sak.

Ann-Heidi Orvik
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Avtale av 26.01.2011

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Haram Byggservice AS, Harald Hjelle Arkitektar AS, teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/49-8
Arkiv: 250
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 06.02.2011

Saksframlegg

Ny bestilling av tal på bustadar i "Myratun".

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/10	Formannskapet	15.02.2011
11/18	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune legg til grunn 6 bustadar samt kontor/fellesareal i hovudbygget og 2 frittstående bustadar (rekkjehus) inne på området, til saman 8 bustadar i den vidare planlegginga.
2. Namn på bygget skal vere Myratun.

Behandling i Formannskapet - 15.02.2011

Uttale frå Rådet for funksjonshemma vart delt ut i møtet og leggst ved saka.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

1. Midsund kommune legg til grunn 6 bustadar samt kontor/fellesareal i hovudbygget og 2 frittstående bustadar (rekkjehus) inne på området, til saman 8 bustadar i den vidare planlegginga.
2. Namn på bygget skal vere Myratun.

Saksutgreiing:

Formannskapet har i sak 5/11 den 03.02.11 innstilte til kommunestyret på godkjenning av Avtalen av 26.01.11 mellom Haram Byggservice AS, Harald Hjelle Arkitekter AS og Midsund kommune.

Uavhengig av avtalen bør kommunestyret vurdere nye tal på bustadar ein skal arbeide vidare med.

Det som er vedteke i kommunestyret er å byggje 5 bustadar med ei evt. seinare utviding med den 6. bustaden.

I den seinare tid har det komme signaler frå butenesta v/ leiaren at behovet for å planleggje/leggje til rette for fleire bustadar har auka.

Behov frå butenseta

Etter vedtaka i kommunestyret i juni 2007 har det komme avklaring på behov for etablering av 2 nye personar med behov for tilrettelagt omsorgsbustad.

Desse 2 personane ønskjer å etablere seg i Midsund medio 2012. For å kunne gi et heilhetlig tilbod frå butenesta er det ein fordel at desse etableringane blir gjort i same område som tidligare planlagt.

Når ein først skal utvide, er det også ønskelig at det vert bygd ei avlastningsbustad i samlokaliseringa, som i første omgang kan brukast som avlastning/ korttidsopphald.

På sikt kan denne bustaden evt. brukast til omsorgsbustad.

Fordelen med ei samla lokalisering av butenesta er å gje brukarane ei heilskapleg teneste.

Nasjonale føringar har som mål at ikkje samlokaliseringa blir meir enn 8 bustadar.

Konklusjon

Behovet ein ser i det nærmaste åra er 6 bustadar i hovudbygget og 2 frittstående inne på området, til saman 8 bustadar.

Einingsleiar Helse og omsorg

Leif Arne Lagesen

Vurdering:

Inne på området er det plass til 6 bustadar og kontor/fellesareal i hovudbygget og 2 frittstående bustadar mot nordaust, totalt 8 bustadar.

Det er no viktig å få namn på bygget slik at det blir innarbeida.

Derfor blir det foreslått at namne kan vere "Myratun" etter gardsnamnet som tomte er delt ut i frå. På Statens kartverk sine ØK kart frå 70 talet står det Myrane på garden/området.

Konklusjon

For å stette behovet til butenesta kan ein byggje bustad 1- 5 samt kontor/fellesareal som planlagt. I tillegg må ein byggje den 6. bustaden samt 2 frittstående bustadar mot nordaust. Namn på bygget kan vere "Myratun"

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Tilskottsordninga kan bli endra frå 20% til 30% er under behandling sentralt.
I denne saka tek ein ikkje med noko økonomiske vurderingar vedk. investeringa av bygget
eller driftskostnadar for teknisk og butenesta.
Dette kjem opp som sak når byggjekostnadane er klar, etter anbodsprosessen er ferdig.

Ann-Heidi Orvik
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Kart med situasjon og tomt

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2011/64-2
Arkiv: 601
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 31.01.2011

Saksframlegg

Godkjenning av Rammeavtale mellom Midsund kommune og RIR Næring AS om material- og avfallshandtering

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/19	Formannskapet	15.02.2011
11/19	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

Midsund kommune inngår "Rammeavtale mellom Midsund kommune og RIR Næring AS om material- og avfallshandtering" for Midsund kommune sine "næringsbygg"

Behandling i Formannskapet - 15.02.2011

Saka meldast opp til kommunestyret.

Eva Tangen (SP) stilte spørsmål om sin habilitet då ho er styremedlem i R.I.R.

Eva Tangen vart kjent inhabil etter Fvl. § 6 1.ledd pkt.e).

4 voterande.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 15.02.2011

Midsund kommune inngår "Rammeavtale mellom Midsund kommune og RIR Næring AS om material- og avfallshandtering" for Midsund kommune sine "næringsbygg"

Saksutgreiing:

Materiell – og avfallshandtering frå kommunale bygg (ikkje definert som hushaldningsavfall) skal ha eiga ordning og ikkje vere saman med den kommunale renovasjonsordninga (ansvar 5030).

I Midsund kommune vart dette skild frå den 01.01.10.

Midsund kommune som andre bedrifter måtte då ordne med avfallsordning direkte med ein godkjent leverandør.

Midsund kommune har tatt kontakt med RIR Næring AS for å få til ein avtale om material- og avfallshandtering for kommunale ”næringsbygg”.

Midsund kommune har fått eit forslag til ”Rammeavtale mellom Midsund kommune og RIR Næring AS om material- og avfallshandtering”

Vurdering:

”Rammeavtale mellom Midsund kommune og RIR Næring AS om material- og avfallshandtering” gjeld i fem - 5 år. Den kan fornyast med ytterligare eit – 1 år dersom ingen av partane seier den opp med tre – 3 mnd. varsel frå avtalens utløp.

Avtalen skal deretter reforhandlast.

Konklusjon.

Midsund kommune bør inngå Rammeavtalen med RIR Næring AS.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Midsund kommune sin (store) bygg blir næringsbygg, og ikkje hushaldning som tidlegare.

Ann Heidi Paulsen Orvik
Konstituert rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Rammeavtale

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: teknisk



Midsund kommune
Ordføreren

Arkivsak: 2011/35-2
Arkiv: 410
Saksbeh: Helge Orten
Dato: 27.01.2011

Saksframlegg

Rekruttering av ny rådmann

Utvalsak	Utval	Møtedato
11/1	Administrasjonsutvalet	03.02.2011
11/20	Kommunestyret	24.02.2011

Forslag til vedtak:

Det etablerast ei tilsettingsnemnd bestående av ordførar, varaordførar, ein representant frå dei hovudtillitsvalde, ein representant frå leiargruppa og ein representant frå staben.

Personalsjef er sekretær til nemnda.

Kommunestyret må gje tilsettingsnemnda nærare mandat/ fullmakt for arbeidet.

Behandling i Administrasjonsutvalet - 03.02.2011

Rådmann Geir J. Göncz har sagt opp si stilling i Midsund, og sluttar 14.2.2011. Prosess med tilsetting av ny rådmann må ta til. Ordførar orienterte om prosess så langt. Har hatt møte med leiargruppa, dei hovudtillitsvalde og staben om ønskjer til prosess og kvalifikasjonskrav.

Det må avklarast vidare konstituering av mellombels rådmann i tilsettingsperioden.

Tilsettingsnemnd 2011:

- Ordførar
- Varaordførar
- 1 representant frå dei hovudtillitsvalde
- 1 representant frå leiargruppa

- 1 representant frå dei stabstilsette

Prosess:

Dei tilsette i stab har valt Ann Kristin Høgset som representant. Leiargruppa og hovudtillitsvalde kjem attende med namn når nemnd er oppretta.

Ordførar vil ta kontakt med reklamebyrå for forslag til annonserings-/ presseplan til bruk ved utlysing og val av annonsemedia.

Nemnda vil gjere det innleiande arbeidet sjølv. Det vil bli vurdert å bruke ekstern rekrutteringskonsulent/ byrå i det avsluttande arbeidet. Dette vil nemnda kome attende til om det visar seg aktuelt.

Nemnda får fullmakt til å vurdere behovet for å oppfordre ønska kandidatar til å søkje. Ordførar er den som tek kontakt med den einskilde om nemnda finn å ville gjere dette.

Nemnda får fullmakt til å jobbe fram forslag til utlysingstekst på basis av eksempel frå Vaksdal kommune. Kvalifikasjonar og kvalitetar er det kome innspel på i frå alle involverte så langt. Nemnda tek omsyn til dette i det vidare arbeid.

Det lages ein full utlysingstekst som publiserast på kommunen si heimeside. Dei resterande annonser er henvisingar til denne. Aslaug Sanden kom med innspel på utlysingstekst/ kvalifikasjonsønskar (godt hovud, stort hjarte og sterk ryggrad).

Eksempel ein ønskjer at fulltekstannonse skal byggje på:

*Midsund kommune har ca. 2000 innbyggjarar og ca 225 tilsette.
.....Reisetid til..... med fly..... er ca 40 min. Kommunen har gode tilhøve for friluftsliv til fjells og til fjords.*

Vi lever eit bynært bygdeliv. For oss vil det sei at vi kan leva i dei kvalitetane bygda gjev, og nytte oss av eit rikt kulturliv i Møre-byane. Kommunen er ein attraktiv buplass og har eit rikt organisasjonsliv innan musikk, idrett og lagsliv. Vi søker

RÅDMANN

Vår nye rådmann er ein godt synleg, tydeleg og inkluderande leiar som evnar å handtera balansegangen mellom administrasjon og politikk. Gjennom nytenking og leiing, omdømmebygging og profilering skal rådmannen vera pådrivar for å vidareutvikla Midsund kommune.

Vi ønskjer at du:

- *har utdanning på høgskule- eller universitetsnivå*
- *har god innsikt i kommunal forvaltning og økonomi*
- *har god rolleforståing mellom politikk og administrasjon*
- *har gode leiareigenskapar med gode resultat frå offentleg eller privat verksemd*
- *er ein synleg leiar som motiverer dine medarbeidarar gjennom å setta klare mål, delegerer, støttar og gjev tilbakemeldingar*

- *har stor arbeidskapasitet og gjennomføringsevne*
- *kan vera med å vidareutvikla eit nært og godt samarbeid med folkevalde, tilsette og deira organisasjonar, lokalsamfunn og næringsliv*
- *kan driva heilskapleg planleggjing, styring og resultatoppfølging innan vedtekne rammer*
- *er utadvendt med godt humør og humor*

Har du lyst til å bli vår nye rådmann?

I Midsund kommune blir kvinner oppfordra til å søkje leiarstillingar.

Søknadsfrist2011

Ta gjerne kontakt med ordførar Helge Orten på mob.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 03.02.2011

Det etablerast ei tilsettingsnemnd beståande av ordførar, varaordførar, ein representant frå dei hovudtillitsvalde, ein representant frå leiargruppa og ein representant frå staben.

Personalsjef er sekretær til nemnda.

Kommunestyret må gje tilsettingsnemnda nærare mandat/ fullmakt for arbeidet.

Helge Orten
ordførar